



ORDENSREGLAR FOR LYE UNGDOMSSKULE

Kvifor ordensreglar

På skulen er vi mange som skal arbeida og trivast i lag kvar dag. Som elev ved Lye ungdomsskule skal du læra å ta ansvar for deg sjølv, for det du gjer, det du seier og det du lærer. Har du gjort eller sagt noko gale, våg å stå ved det. Du er sjølv ansvarleg for å få gjort skulearbeidet ditt. Du må yta ditt beste til ei kvar tid, slik at du utviklar evnene dine best mogleg. Elevar og lærarar skal respektera kvarandre, og alle må bidra slik at Lye ungdomsskule framleis kan vera ein triveleg arbeidsplass for alle.

Reglar

- Syklar du eller brukar eit køyretøy til skulen, må du setja sykkelen/køyretøyet på tilvist plass. Det er forbode å bruka sykkelen/køyretøyet i skuletida. Når skulen skal på sykkeltur, må du bruka hjelm.
- I skuletida må du opphalda deg på skuleområdet, kunstgrasbanen eller området rundt grasbanen. I det store friminuttet kan elevar på 10. trinn forlata området om dei føresette har samtykka til det.
- Du får ikkje bruke snop, tyggi e.l. i skuletida. Matvarer kjøpt på butikken i storfriminuttet skal ikkje inn på skuleområdet. Pant og søppel fraktast til klasserommet. (gjeld elevane på 10. Trinn)
- Mobiltelefonen skal vera avslått eller lydlaus i skuletida. Elevane set mobilen i mobilhotellet når dei kjem til time og hentar mobilen ut når timen er slutt. Lærarane bestemmer når den kan brukast i undervisninga.
- Snøballkasting er berre lovleg på tilvist plass.
- Ball, sparkesykkel og rullebrett må du berre bruka ute. Ball skal sparkast på banane.
- Uteklede skal henga i garderoben.

Reaksjonar

Vi trur at du gjer ditt beste for å følgja ordensreglane for skulen vår. Dersom du likevel bryt ein eller fleire av desse reglane, må vi reagere. Dei mest aktuelle reaksjonane er:

1. Tilsnakk frå vaksne.
2. Erstatning.
3. Inndraging.
4. Bortvist frå klasserom (bakvaksordning).
5. Skulen tek kontakt med heimen.
6. Utvising. For grove og gjentekne brot på ordensreglane eller på vanlege reglar for orden og framferd, kan du visast bort frå skulen i inntil 3 dagar. Rektor tek endeleg avgjerd om utvising i samråd med lærarane dine.
7. Nedsett karakter i orden og/eller åtferd.

Viser og til § 3.2.1 Tiltak mot brot på ordensreglane i Time sitt kommunale ordensreglement.

Før vi set i verk disiplinære tiltak, har du alltid høve til å uttala deg. Kontaktlærer og foreldre/føresette kan verta samde om andre disiplinære tiltak enn dei som her er nemnde.